# MB

menighetsbladet

3 - 2015

JESUS SA TIL
DEI: «FRED VERE
MED DYKK! SOM
FAR HAR SENDT
MEG, SENDER
EG DYKK.»

JOHANNES 19.21

KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE



Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 5 gonger i året.

**Redaksjonskomité:**
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Arvid Hareland
Ingunn D. Aandal - kontaktperson

**Layout**: Linda Aanestad
**Trykk**: Olsson as
**Forsidebilde:** Linda Aanestad

**Postadresse:**
Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55
e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

**Bankgiro: 3290.07.02239**

**Neste nummer: 10.09**
**STOFF MÅ LEVERAST INNAN 18.08!**

(Med forbehold om ledig plass.)
Stoff-fristen må overhaldas!

SURF INNOM
WWW.KLEPP.KIRKEN.NO
ELLER
WWW.KLEPPKYRKJE.NO

VELKOMEN!

# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

## KLEPP KYRKJEKONTOR

| | |
|---|---|
| Besøksadresse: | Kleppvarden 2, 4352 Kleppe |
| Postadresse: | Postboks 101, 4358 Kleppe |
| Telefon: | 51 78 95 55 |
| Telefaks: | 51 78 95 50 |
| e-post: | kontor@klepp-kirken.no |
| e-post Menighetsbladet: | menighetsbladet@klepp-kirken.no |
| Heimeside: | www.klepp.kyrkja.no |

## KONTORTIDER

| | |
|---|---|
| Måndag - torsdag: | 08.30 - 14.30 |
| Fredag: | 08.30 - 12.30 |
| Elles etter avtale | |

**Frøyland og Orstad kyrkjekontor:**

| | | |
|---|---|---|
| Dagleg leiar Ingunn Matre | 52 97 31 50 | 928 05 942 |
| Driftsleiar Geir Ådne Vestvik | 52 97 31 54 | 928 56 689 |

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 52 97 31 50
Heimeside: www.fok.no

| | | |
|---|---|---|
| **Bore kyrkje** | 51 42 22 52 | |
| Soknerådet, Nikolai Homme | 51 42 00 77 | 900 53 744 |
| | | |
| **Klepp kyrkje** | 51 42 16 39 | |
| Soknerådet, Maria Friestad | | |
| Bergseth Sikkeland | | 982 51 048 |
| | | |
| **Orre kyrkje** | 51 42 23 46 | |
| Soknerådet, Lars Bjarne Salte | | 900 41 782 |

## TELEFONLISTE ANSATTE:

| Namn | Direktenummer | Mobil |
|---|---|---|
| Kyrkjeverje, Per Åge Skretting | 51 78 95 60 | 900 58 503 |
| Sekretær, Ingunn D. Aandal | 51 78 95 59 | 924 19 934 |
| Sekretær, Kari Haavardsholm | 51 78 95 55 | 992 66 752 |
| | | |
| Sokneprest, Andreas Haarr | 51 78 95 51 | 977 16 339 |
| Sokneprest, Morgan Fjelde | 52 97 31 51 | 489 97 108 |
| Prest, Jarle Minnesjord | 51 78 95 54 | 970 66 145 |
| Prest, Frode Helvig | | 986 03 405 |
| Prest, Leif Inge Norland Brekke | 51 78 95 65 | 413 01 865 |
| | | |
| Kantor, Ola Sotnakk | 51 78 95 58 | 996 28 182 |
| Organist, Arne Hadland, | 51 48 83 77 | |
| Organist Beth Elin Byberg (vikar) | | 990 21968 |
| | | |
| Diakon, Henny Lie Sandve | 51 78 95 56 | 473 02 252 |
| | | |
| Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes | 51 78 95 53 | 450 48 726 |
| Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte | 51 78 95 57 | 478 70 004 |
| Trusopplærar og dagleg leiar, | | |
| Olaug Mestad Slettbakk | 905 38 480 | 936 59 296 |
| Ungdomsarbeidar, Christine Å. Hansen | 51 78 95 62 | 934 34 923 |
| Ungdomsarbeider, Daniel Lyngstad | 51 78 95 64 | 977 24 948 |
| Ungdomsarbeider, Camilla Lyngstad | 51 78 95 64 | 481 99 131 |
| | | |
| Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning | 51 78 95 61 | 900 35 471 |
| Klokkar Orre, Bjørn Borgen | 51 42 86 94 | 900 19 534 |

# *prestens* HJØRNE

## Takk!

Når eg nå etter vel 7,5 års teneste som prest i Bore, skal bli pensjonist, er eg fylt av stor takk! Det har på mange måtar vore som ein draum å vera prest i Bore menighet! Folk er så positive og gilde! Dei er så gode til å gje respons og til å oppmuntra! Dei tek alt i beste mening. Ein blir glad av å vera saman med dei! Her er så mange gode ressursar å spela på lag med.

Så har me opplevd stor vekst i deltakinga i gudstenestene. Ikkje minst er det mange fleire unge familiar som nå går på gudsteneste. Dei er med i husfellesskap og engasjerer seg i arbeidet. Trusopplæringa er også bygd mykje opp med eigen medarbeidar for trusopplæring. I alt svært mykje å gleda seg over i Bore! Dei mange gode frivillige medarbeidarane er nøkkelen til veksten. Det same gjeld dei andre tilsette.

Eg har jo også hatt teneste i alle dei andre sokna i Klepp med vigslar og gravferder. Over alt møter eg gilde og opne folk. Også dei har vore rause med oppmuntrande tilbakemeldingar. Tusen, tusen takk til dykk alle!

Så går takken når alt kjem til alt til Gud. Det er Han som verkar alt dette! Me kan  organisera, leggja til rette form og stil slik at det betre kommuniserer med folk – me kan så og vatna - , men det er alltid Gud som gir vekst. Ved Hans Ånd veks Guds rike.



Og gjennom alt lever eg og du ved den frie nåden i Jesus Kristus! Det åleine er ankerfestet mitt: At Jesus er død for å gje meg fred med Gud og at han er stått opp igjen for å gje meg det evige livet hos han. Same kva som hender, kan ingen ta frå meg det! Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at Han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. 1 Joh 4,10  Eg har alt i Kristus! Takk, takk Jesus!

Åsmund Steinnes

## Ønskjer du nokon å snakka med?



Du er velkomen til å ta kontakt med prest, kateket og diakon for samtale.

Diakon Henny Lie Sandve tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp): tlf. 51 78 95 51

Kateket Karsten Degnes: tlf. 51 78 95 53

Prest Jarle Minnesjord (Orre): tlf. 51 78 95 54

Prest Frode Helvig (Klepp Stasjon): tlf. 986 03 405

# Gud er konstant
# - om alt anna forandrar seg

Tekst: Anne Håkonsholm,
Foto: Tone Skår

**Åsmund Steinnes, prest i Bore siste åtte åra, trer av til sommaren. I november fyller han sekstisju år. - Eg fann ut at det var ei god tid å slutte på no, både for meg og kyrkjelyden, seier han. Til hausten vert han å finne i kyrkjebenkane i Borekyrkja, men har ikkje tenkt å vere «ein sjuande far i huset». Åsmund Steinnes snakkar varmt om mannen som skal overta prestegjerninga, kyrkjelyden, og tida han har fått vere prest i Bore.**

### Erfaring

Det var ein prest med brei erfaring som kom til Klepp prestegjeld i 2007. Han kom frå stillinga som sokneprest i Bjerkreim, der han hadde vore i fjorten år. Ei anna erfaring han hadde med seg var misjonærteneste i Kamerun frå 1977 til 1989. Her fekk han innsikt i ein heilt framand kultur.
- Det er mange år, og like mange kilo sidan dette, seier han med eit smil, og fortel om alle dei lange turane han måtte gå for å nå fram til landsbyar som låg avsides. Han var både lærar og rektor ved presteskulen i Kamerun, ein skule som rekrutterte frå mange afrikanske land sidan den var luthersk og franskspråkleg. Det var ei travel, men svært meiningsfull tid, seier mannen som har undervist i systematisk teologi på fransk!
På spørsmål om han har fått bruk for denne erfaringa i tenesta si heime i Norge svarer han at det har gitt han ei kontekstuell grunnholdning.
- Uttrykksformene må vere kulturelt relevante slik at folk både forstår reint intellektuelt og opplever at det treff dei. Det nyttar for eksempel ikkje å berre bruke gamle salmar til unge menneske. Ein må bruke former som kommuniserer med dei ulike gruppene i kyrkjelyden.

### Ein kyrkjelyd i endring

- Eg er så heldig å ha fått vere med på mykje som prest i Bore sokn. Vi arbeider godt i lag i kyrkjelyden. Folk bryr seg, tek initiativ og ansvar. For meg er det viktig å gi folk rom og tillit. Det viser seg at ein godt vaksen mann som meg kan drive endringsleiing like godt som ein ung. Mi oppleving er at alle i kyrkjelyden er glade for vekst, og å sjå unge ta del. Gudstenestetalet har auka med mest to tredjedelar (63%) sidan 2007.
Ein stor del av denne auken utgjer barnefamiliar. Det er ikkje sjølvsagt at ein klarer å dekke behov hos menneske frå 0 - 90 år. Vi har langt på veg fått det til gjennom ei tredeling av gudstenestene: vanlig høgmesse, familiegudsteneste og G2 som er ei gudsteneste med meir moderne uttrykksformer. Kyrkjelyden er med i utviklingsprosjekt der vi måler kvalitet og avdekker sterke og svake sider som vi jobbar med. Eksempel på dette er at sider ved truslivet vert avslørt, og vi har lagt opp undervisning ut ifrå dette - mellom anna med å fokusera på korleis ein kan oppleve Gud i kvardagen. Ein nøkkel til vekst er at menneske brukar gåvene og nådegåvene dei har fått av Gud. Vi har prøvd å legge til rette for det i kyrkjelyden og opplever at det fungerer.

### Sekularisering

Kva tenker du om utviklinga i kyrkja sidan du vart utdanna prest og fram til i dag?
- Då er det eit ord som vert tydeleg for meg og det er ordet sekularisering. Sekulariseringa i samfunnet har også innverknad på kyrkja, dei kristne, og eg kjenner at det har innverknad på meg sjølv også. Eg har eit bilde av dette: I eit ikkje sekularisert samfunn sit Gud på trona. Gud er ein autoritet som styrer kvardagen. Guds ord har autoritet. Mennesket har sin verdi frå Gud. Slik er det i mange samfunn den dag i dag. Slik var det i landet vårt for lenge sidan. I eit sekularisert samfunn har mennesket tatt Guds plass og sit på trona. Alt sentrerer seg om mennesket. Gud vert berre rekna med dersom det er viktig for meg. Det er godt at mennesket har fått verdi av opplysninga og humanismen, men det er eit vippepunkt der trua på Gud vert erstatta med rein humanisme. Det fører mykje galt med seg. Me skaper vår eigen Gud i vårt bilde, avgrensa av våre tankar og erfaringar. Gud lærer vi å kjenne gjennom Bibelen. Gud ER alltid. Det er Gud som gir mennesket verdi. Livet er heilagt. Den enkelte har høg verdi. Gud har vist det gjennom Jesus. Utfordringa mi er å legge ut Guds ord slik at menneske kan forstå. Kyrkja skal ikkje tilpasse seg samfunnet, for Guds ord er konstant. Men Guds ord må, som eg har sagt tidlegare, kommuniserast på ein

måte som treff mennesket i den kulturen mennesket er til ei kvar tid. På den måten kan ein seie at kyrkja er alltid den same og alltid i forandring. Det er grunnleggjande å halde oppe eit sant Gudsbilde. Gud er både heilag og kjærleg. Dette viser han på korset ved å straffe synd, samtidig som han gjer det på sin eigen son i djup kjærleik til menneske.

### Gud er der

Er det noko du vil formidle til folk når du no har høve til det?
- Folk er så forskjellige og treng å høyre så forskjellig. Sentrale eksistensielle spørsmål i dag er: er det nokon som ser meg? Er det nokon som er glad i meg? Er eg god nok? Gud ser deg og elskar deg! Det har han vist i Jesus. I han er du fullkomen. Dette må ofte kommuniserast utan ord i relasjonar og kjærleik som vi viser.
Eg har møtt utfordringar i livet. Eg har mine spørsmål om kvifor og korleis, men eg har aldri tvilt på at Gud elskar meg. Det har han vist i Jesus. Det er der eg har ankerfestet mitt.

### Folk er viktig for meg

Kva planar har du vidare når du no vert pensjonist?
- Eg har ikkje lagt store planar. Vi blir buande i Klepp der vi har hus og trives. Me har fått gode vener og relasjonar her. Folk er viktige for meg. Bore kyrkjelyd vert fortsatt min plass, men eg har ikkje tenkt å vere «ein sjuande far i huset». Eg har god tru for at det blir gode tider med ny prest i ein kyrkjelyd med mange entusiastiske menneske. Eg veit, og eg set pris på, at menneske i kyrkjelyden ber om framgang for Guds rike i Bore. Det er Gud som gir vekst.

> *I eit ikkje sekularisert samfunn sit Gud på trona. Gud er ein autoritet som styrer kvardagen. Guds ord har autoritet. Mennesket har sin verdi frå Gud. Slik er det i mange samfunn den dag i dag. Slik var det i landet vårt for lenge sidan.*



# GLIMT FRA KLEPP STASJON



Murhuset - Her bodde Stasjonsmesteren i gamle dager.



Pakkhus i dag, tjenlig møtelokale til høsten.

# BOFELLESSKAPET PÅ STASJONEN!

**I snart 8 år har Klepp stasjon kyrkjelyd leid "Stasjonsmesterboligen" på toppen av Stasjonen. Det er plass til 4 personer der. Ideen er å skape et sted der kristne ungdommer/studenter kan bo og dele livet som troende sammen. Hva er et kristent hjem, eller et kristent bofellesskap? Vi tror det er et hjem som har et fokus oppover; bønn og bibel har en naturlig plass i den daglige rytmen. Så er det en plass som har fokus innover; de har tid for hverandre, de ser og støtter hverandre. Og så har de et fokus utover; de har en tjeneste for andre i menighet og i samfunn. De som bor på stasjonen har alle en større eller mindre oppgave i menigheten. Noen har vært med i konfirmantarbeidet, andre har vært med som ledere i Kraftgjengen, barnearbeidet til KSK. Denne våren flytter to personer ut, og to nye flytter inn. Vi har tatt en prat med tre av dem:**

**Mari Midtun**

*Hvordan har det vært å bo bokstavelig talt på en jernbanestasjon?*
- Det har vært kjekt. Folk syns det er morsomt at vi faktisk bor på en stasjon. Vi har hatt et godt fellesskap oss imellom.

*Hva har din tjeneste vært i Klepp stasjon Kyrkjelyd?*
- Jeg har vært med i Kraftgjengen, og det har vært veldig givende. Jeg liker godt å være med unger, og føler at jeg har vokst som leder.

*Hva har du lært?*
- I forhold til tjenesten har jeg lært mer om det å være leder for barn. Jeg har også lært å leve tett på folk som er forskjellige fra meg, det er utfordrende og berikende.

**Gunnhild Olsen**

*Hvilke forventninger har du til å bo på Stasjonen?*
- Jeg tror vi skal få et godt fellesskap der vi også kan dele troen sammen. Med det fokuset blir det kanskje lettere å bo sammen. … Jeg har kjent ei som har bodd der.

*Hvordan blir det synlig at dere er et kristent bofellesskap?*
- Jeg tenker at vi kan være gjestfrie, ha litt åpent hus, og at vi er med i arbeidet i menigheten.

*Hva gleder du deg til?*
- Jeg gleder meg til å flytte til Stasjonen, bli kjent med folk og være med i søndagskolearbeidet. Jeg ser også fram til å bo med andre på samme alder og i samme situasjon. Det blir også kjekt å komme nærmere kjæresten min på Klepp.

**Ina Bækkedal**

*Hvilke forventninger har du til å bo på Stasjonen?*
- Jeg forventer at det kommer til å blir skikkelig koselig å bli kjent med de andre jeg bor med. Jeg er så glad for å kunne flytte inn med noen som er kristne og elsker Gud.

*Hva tror du skiller et kristent bofellesskap fra et vanlig bofellesskap?*
- Hovedforskjellen, tror jeg, er at synet kristne har på livet preger alle valg tatt i hverdagen -fra store til små. Dette vil vises i alle ting, at vi ønsker å glede Gud med livene våre. Derfor vil hva vi snakker om, hva vi bruker tiden på og hvordan vi behandler hverandre være annerledes i et kristent bofellesskap.

*Hva gleder du deg til?*
- Jeg gleder meg til å etablere gode vennskap og bli godt kjent med de andre som bor på Stasjonen.

# STASJONSKYRKJA PÅ KLEPP STASJON?

Bygningen vil nok framleis gå under navnet "Pakkhuset", men no vert det forvandla frå eit kaldt og mørkt lagerrom til å verta eit flott lokale å samla opptil 150 menneske på ein gong. Prosessen har vore lang, svært lang, men nå har kommunen og utleiar (NSB v. Rom Eiendom) godkjent planane. Me er ikkje i mål enno, men dugnadsarbeidet har byrja, og me ser draumen koma nærare; Stasjonen som ein stad for tru, kreativitet og trøyst. Ein stad der menneske får møte tru og veksa i tru, ein stad der unge og gamle får utfalda seg kreativt, og ein stad der me kan hjelpa menneske å takla livets utfordringar. Me trur at Pakkhuset, og heile Stasjonen vil verta ei stor velsigning for alt folket på Klepp stasjon.

**Har du lyst il å være med og byggje "kyrkje" i Pakkhuset? Møt opp kl.17.00 kvar onsdag framover, eller ta kontakt med Sølve Salte på tlf 97 58 45 87. Du kan òg gi di gåve til Pakkhusprosjektet på kontonummer: 3290.21.42745.**

# KONFIRMANTAR KLEPP











KONFIRMANTENE I ORRE KIRKE - 2015

*Fotograf: Rein Hansen*

# KONFIRMANTAR ORRE

# BORE



KONFIRMANTENE I BORE KIRKE 2015

# Katastrofer som ikke skjer



*«Legg det eller de du bekymrer deg for frem for Gud i bønn. Han vil ta hånd om deg, dine urolige tanker og det eller de du er bekymret for:*

M «Mitt liv har vært fullt av forferdelige katastrofer, hvorav de fleste aldri skjedde,» skrev Mark Twain. Hvor skjedde disse katastrofene da, hvis de aldri skjedde? De fant sted i tankene, i form av bekymringer, gruing og negative fantasier.  Mange av oss har mange ganger bekymret eller gruet oss for ting som gikk bra. Noen bekymringer har rot i erfaringer, mens andre kun har rot i egen, pessimistiske fantasi.

Bekymring eller gruing starter ofte med: «Tenk om…», «De kommer sikkert til å…», «Jeg klarer aldri…». Og så spinner vi tanker rundt det vi uroer oss for, slik at det fortoner seg verre og verre.

Egentlig vet vi svært sjeldent hva som kommer til å skje. Det eneste vi vet, er at vi ikke vet!

Bekymringer påvirker oss, følelsesmessig og atferdsmessig. Når vi bekymrer oss eller gruer for noe, blir vi vanligvis triste, engstelige, motløse eller frustrerte. Det kan være vanskelig å få sove når bekymringer kverner i hodet. Vi kan si eller gjøre ting på grunnlag av bekymringer som i ettertid viser seg å ikke være særlig klokt, fordi det vi gjorde eller sa ikke hadde rot i virkeligheten men i egen pessimistiske fantasi.

«Be carefull how you think, your life is shaped by your thoughts», er en engelsk oversettelse av Ordspråkene 4,23. «Vær varsom med hvordan du tenker, for livet ditt formes av tankene dine». Livet som formes av tankene, er i stor grad følelser og atferd. Prøv om dette kan være til hjelp når du bekymrer eller gruer deg:

1. Si til deg selv: «Det eneste jeg vet er at jeg ikke vet hva som kommer til å skje. Jeg vil ikke fortsette å fantasere!»
2. Fullfør setningen som inneholder bekymring slik: «Hvis det og det skjer, vil jeg…» Noen av bekymringene blir lettere å legge vekk når vi bestemmer oss for hvordan vi vil løse problemet om det skulle oppstå.
3. Del bekymringen med en person du har tillit til. Det hjelper ofte at en annen person vet. Men ikke snakk om bekymringene stadig vekk og til mange!
4. Legg det eller de du bekymrer deg for frem for Gud i bønn. Han vil ta hånd om deg, dine urolige tanker og det eller de du er bekymret for: «Vær ikke bekymret for noe! Men legg alt dere har på hjertet, fram for Gud. Be og kall på ham med takk.» Fil 4,6

Kjell Aanensen



# dette er eg **oppteken** av

## *Borghild Dale*

**Om eg kunne skriva litt om eitkvart som opptok meg. Det spurde han om. Tidsfristen var kort, men lang nok til å formulera setningar om noko som opptok meg. Eg skulda på travle dagar og slapp unna.**

Dagane var ikkje så travle. Sanninga var at eg kjende meg skammeleg lite oppteken av noko som helst. Fattigdomen i verda, velstanden min, klimaendringar, forbruket mitt. Eg minnest harme retta mot ein garnbutikk inne i byen. Dei hadde rådd meg til å kjøpa 50 gram av det raude vottegarnet. Alt for lite, kan du veta.

Så spurde han igjen. Om eg kunne skriva litt om noko som opptok meg. Ingen tidsfrist denne gongen. Du forsto, menneske, at eg ikkje ville.

Gje meg eit tema, for det eg kjenner på gjer ikkje godt; Eg er oppteken av meg sjølv. Korleis skal eg nytta dagane mine for å få det betre? Korleis skal eg planleggja helga for at eg skal vera nøgd når sundagskvelden kjem? Kva teneste skal eg stå i som kan gje meg glede? Dessutan er ikkje kneet mitt rett godt, heller. Eg kan fota meg, men ikkje kor eg vil. I mange dagar har det vore slik.

Takk for at du ba meg skriva. Takk for at du ikkje ga meg noko tema. Takk for at du nøydde meg til å tenkja.

Kva er eg oppteken av?

***Epletreet dufter nyskapt sommer.***
***Her har tiden aldri vært.***
***Den kommer.***

*-Inger Hagerup*



# Å BETY NOE!

## **Seniorfest** med ungdommelig innslag og besøk av en helt alminnelig prost



Kjell Børge får ros for en engasjert tale. En av det viktigste poengene rettet til besteforeldre er denne: bare vær deg selv helt naturlig! Barnebarna vil elske det!

Av Einar Egeland

Onsdag 18. mars var en stor gruppe seniorer samlet til fest på Kleppe bedehus. Den optimistiske tittelen som arrangementskomiteen hadde valgt var Å bety noe! I sin tale til de høytidsstemte seniorene fortale prost Kjell Børge Tjemsland om opplevelser i sitt eget liv.

Det er Den norske kirke som står som arrangør av festen, men i praksis er det de to diakoniutvalgene i Bore og Klepp menighet som planlegger og gjennomfører festen. For å kunne gjennomføre denne festen er det 20-25 frivillige som bidrar med rydding, bespisning, oppvask, kjøring, pynting og så videre. I år kom det 70 pent kledde og forventningsfulle seniorer til festen.

«Festen skjer en gang i året, på vårparten, den har blitt en tradisjon, men jeg vet ikke når den startet. Det var før min tid», forteller Henny Lie Sandve som leder festen denne våren. Nytt av året var at alle som fyller 80 år i løpet av 2015, hadde fått en spesiell invitasjon til festen i posten. Flere kom på grunn av denne invitasjonen.

Et populært og ungdommelig innslag var Ukrainaprosjektet ved Karsten Degnes og en gruppe ungdommer. De var med for å fortelle om både gilde og triste opphevelser fra Ukraina der de nylig hadde vært, de sang for oss og solgte årer til inntekt for Stiftelsen KPK-Ukraina i Ukraina. Sammen med Karsten hadde de besøkt sigøynerlandsbyer, delt ut mat, klær og julegaver. De var også med ungene på barnehjemmet House of Mercy. I alt var det 27 personer fra Klepp som besøkte byen Uzhgorod i vest-Ukraina. Turen var i samarbeid med KPK-Ukraina. «Det ble fem sterke og minneverdige dager som vi aldri vil glemme!» forteller Karsten.

DET ATTE DU SÅG MEG!

Prosten på Jæren, Kjell Børge Tjemsland holdt en engasjert tale med forskjellige glimt i fra eget liv. «Det atte du såg meg den gången gjorde at eg kom gjennom dagen,» fortale Kjell Børge til å begynne med. Et år tidligere hadde han på et gartneri bare smilt og nikket til en dame som han knapt nok visste hvem var. Så en dag lenge etterpå fikk han høre hvor stor hjelp dette hadde vært for henne.

Besteforeldre kan glede seg over barnebarna: «Me som e besteforeldre trenge ikkje ver så nøye… la det bli en annerledes time!» fortsatte han og snakket om en gild bestefar som likte å galdre opp barnebarna før han dro hjem igjen og lot foreldrene overta. «Me ska få lov te å skjemma ud – og ungane lige det! Me ska få lov til å bety en forskjell – de elske det!»

Han fortale om sin egen mormor der han fikk lov til å stikke fingeren ned i syltetøyet og slikke – ikke bare en gang, men en gang til, det gjorde inntrykk! Hun lagde alltid potetkaker når de var på besøk, og etterpå satte hun seg ned midt i alt bråket, leste en liten historie fra Bibelen – og etterpå sprang de rundt nullen i bestastuå. Han nevnte søndagsskolelærer sin som begynte å grine når han leste bibelfortellingene, det gjorde inntrykk. Lenge etterpå traff han denne mannen igjen på Åseheimen. Han gikk bort og spurte om han kjente Kjell Børge igjen, noe han ikke gjorde. Kjell Børge fortale da om opplevelsene i fra søndagsskoletiden, og den gamle søndagsskole læreren gråt.

Kan du fortelle bibelhistorien til barnebarna dine, så gjør det. Foreldrene er så travle, så de er bare glade. Og la barnebarna få prøve skikkelig verktøy. Vær den du er og formidle budskapet helt enkelt, eller bare vær den du er, du formidler likevel. Våg å ikke parkere deg selv, uansett alder.



Sammen med Karsten ser vi fra venstre: Marie Pallesen, Sine Grude, Ida Lunde, Hanne Hodne og Line Bringeland Pedersen. De formidlet sterke inntrykk fra Uzhgorod i Ukraina og bidro med sang. Etter å ha hørt og sett disse unge sine sterke opplevelser var det lett å støtte prosjektet med å kjøpe masse årer. Pengene som kom inn ble brukt til å finansiere noe av utgiftene ved turen og til lokale prosjekt i Uzhgorod, Ukraina.



Karsten sammen med fem unge gledesspredere. To ting er sikkert: de dro snittalderen betydelig ned, og de satte et gledelig og vakkert preg på hele festen.



Åresalget går strykende når Sine Grude, som selv har opplevd forholdene i Ukraina, selger årer til gavmilde seniorer.



Høytidelig og staselig stemning når seniorene er samlet til vårfest.



Odd Eivind i omsorgsutvalget er en av mange frivillige som bidrar til at en slik fest kan arrangeres.

# Gudstenester

## Klepp Kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**14.06** Gudsteneste med nattverd.
Andreas Haarr. Sundagsskule.
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**21.06.** Gudsteneste med dåp.
Andreas Haarr. Offer til Barnevakten.

**05.07.** Gudsteneste med dåp og nattverd.
Morgan Fjelde. Offer til Kirkens SOS

**26.07.** Gudsteneste med dåp og nattverd.
Leif Inge N. Brekke.
Offer til kyrkjelydsarbeidet

**09.08.** Gudseneste med dåp og nattverd.
Jarle Minnesjord. Offer til KIA

**23.08** Gudsteneste med dåp.
Andreas Haarr. Søndagsskule.
Offer til Bibelselskapet.
Grilling etter gudstenesta.

**30.08.** kl 11.00 og 13.00. Gudsteneste
med prestentasjon av konfirmantar.
Leif Inge N. Brekke og Karsten Degnes.
Dåp. Kyrkjekaffi Offer til ungdomsarbeidet

**06.09.** Gudsteneste på Jærhagen.
Andreas Haarr Offer til kyrkjelydsarbeidet

**13.09.** Familiegudsteneste med dåp.
Utdeling av 4-årsbok. Leif Inge Norland
Brekke. Offer til søndagsskulekretsen.

## Bore kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**14.06.** Ikkje gudsteneste

**21.06.** Høgmesse med dåp. Vikar.

**19.07.** Høgmesse med dåp og nattverd.

**16.08.** Høgmesse med dåp og nattverd.
Ivan Fjeld.

**23.08.** Ikkje gudsteneste

**30.08.** Høgmesse med nattverd. Innsetting
av ny soknerprest i Bore: Ivan Fjeld.
Prosten deltek.

**06.09.** Familiegudsteneste med dåp.
Ivan Fjeld med ressurgruppe.

**13.09.** G2. Presentasjon av konfirmantar.
Ivan Fjeld og Karsten Degnes.

## Orre kyrkje

(Alle gudstenester startar kl. 11.00
der anna ikkje er oppført)

**23.06.** kl 19.00 Gudsteneste i Orre gamle
kyrkje. Jarle Minnesjord. Song og Musikk
ved Merete Økland Espedal og Tor Kjetil
Økland.

**12.07.** Gudsteneste i Orre kyrkje kl 11.00

**29.07.** kl 19.00. Gudsteneste i Orre gamle
kyrkje.
Andreas Haarr og Arne Hadland

**23.08.** Familiegudsteneste
Skulestart i kyrkja. Jarle Minnesjord og
Arne Hadland.

**06.09.** Gudsteneste med
konfirmantpresentasjon.
Jarle Minnesjord og Arne Hadland.



KYRKJESKYSS

**Bore kyrkje:**
Ring kontoret
tlf. 51 78 95 55.

**Klepp Kyrkje:**
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

**Orre Kyrkje:**
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

**Frøyland og Orstad Kyrkjelyd:**
Ring kontoret:
tlf. 52 97 31 50

# Tekstane

*3. søndag i treenighetstiden*
*– 14. juni*
***Jes 50,4–5 Rom 8,28–30***
***Joh 1,35–51***

*4. søndag i treenighetstiden*
*– 21. juni*
***Jos 24,19–24 Ef 2,1–10***
***Matt 16,24–27***

*5. søndag i treenighetstiden*
*– 28. juni*
***Ordsp 7,1–3 1 Kor 3,10–18***
***Matt 7,21–29***

*Aposteldagen / 6. søndag i treenighetstiden -5. juli*
***Jer 1,4–10 Apg 20,24–32***
***Matt 16,13–20***

*7. søndag i treenighetstiden*
*– 12. juli*
***Ordsp 30,7–9 1 Tim 6,17–19***
***Luk 19,1–10***

*8. søndag i treenighetstiden*
*– 19. juli*
***2 Mos 36,2–7 2 Kor 8,9–15***
***Mark 12,37b–44***

*9. søndag i treenighetstiden*
*– 26. juli*
***Salme 145,9–16 1 Kor 4,3–5***
***Joh 8,2–11***

*Olavsdagen / Olsok*
*– 29. juli*
***5 Mos 30,19–20a 2 Kor 4,6–11***
***Luk 9,23–26***

*10. søndag i treenighetstiden*
*– 2. august*
***1 Mos 50,14–21 2 Kor 13,11–13***
***Matt 18,21–35***

*11. søndag i treenighetstiden*
*– 9. august*
***2 Mos 20,1–17 Gal 5,1–6***
***Mark 2,23–28***

*12. søndag i treenighetstiden*
*– 16. august*
***Jes 49,13–16 2 Kor 9,1–8***
***Luk 8,1–3***

*13. søndag i treenighetstiden*
*– 23. august*
***2 Krøn 1,7–12 Ef 4,11–16***
***Luk 12,41–48***

*Vingårdssøndag / 14. søndag i treenighetstiden –30. august*
***5 Mos 8,7.11–18 1 Kor 3,4–11***
***Luk 17,7–10***

*15. søndag i treenighetstiden*
*– 6. september*
***2 Mos 19,1–6 Fil 4,10–14***
***Luk 10,38–42***

*16. søndag i treenighetstiden*
*– 13. september*
***Salme 13,2–6 1 Pet 4,12–19***
***Matt 5,10–12***

# Frøyland og Orstad

(Alle gudstenester startar 10.30
der anna ikkje er oppført)

**14.06.** AlleSammen gudsteneste med Viggo Clausen. Eige seminar om «tru på heimebanen» etter gudstenesta.

**28.06.** Gudsteneste med dåp.
Morgan Fjelde

**20.08.** Gudsteneste med dåp.
Andreas Haarr

**23.08.** Gudsteneste med nattverd.
Tema: Visjonen. Morgan Fjelde

**30.08.** Gudsteneste med dåp.
Besøk frå Ukraina.

**06.09.** Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane. Elisa H Malde og Morgan Fjelde.

# Klepp Stasjon

Engelsvoll skule kl.11.00
(Kveldsgudstenester på Pakkhuset kl. 20.00)

Kraftgjengen: bornas gudsteneste

Tema for hausten: ”Andens gåver:
Utrustning til teneste!”

**21.06.** Generasjonsgudsteneste
Tema: ”Elskar du meg” Joh 21
m. Frode Helvig. Nattverd
Ofring til Open Air Campaigners

**23.08.** Tema: Visjonssøndag
m. Frode Helvig. Nattverd

**29.08.** kl.12.00-14.00 Stasjonsdagen

**30.08.** Tema: Forvaltar av verdier!
m. Sølve Salte

**06.09.** kl. 20.00
Kveldsgudsteneste på Pakkhuset.

**13.09.** Start på høstens hovedtema:
”Andens gåver: Utrustning til teneste!”
Nattverd.

*Litt om kveldsgudstenestane i Pakkhuset:
Tre søndagskvelder i høst byr vi inn til ei enkel gudsteneste i Pakkhuset på ca. ein halv time. Deretter går drøsen i venterommet over ein kopp kaffi og noko å bita i. Samstundes kan dei som ynskjer det bli verande i pakkhuset kor det vert roleg musikk og mogelegheit for forbøn.*


Orre kyrkje


Bore kyrkje


Klepp kyrkje


Frøyland og Orstad kyrkje


Orre gamle kyrkje


Klepp stasjon kyrkjelyd

# Kyrkjevalet 2015

## Måndag 14. september er det val til sokneråd og bispedømeråd. Dette går føre seg samstundes med kommunestyrevalet.

Kandidatlistene til dei ulike sokna er ikkje klare i det Menighetsbladet går i trykken, men de kan finna dei på heimesidene til kyrkjelydane eller få ved å kontakta kyrkjekontoret. Full presentasjon av kandidatane vil de finna i neste utgåve av Menighetsbladet.

